



VINDAFJORD KOMMUNE
Rådhusplassen 1
5580 ØLEN

Kontakt saksbehandler
Randi Bjørkås, 51568797

Gratis kjernetid i SFO feil praktisering av reglane

Statsforvaltaren er gjort kjent med at Vindafjord kommune si praksis med gratis SFO ikkje er i tråd med formålet med lova.

I Vindafjord kommune har ein valt å lage sju ulike SFO pakkar. I lokal forskrift om SFO i Vindafjord kommune § 7.4 står det *Gratis kjernetid Pakke 7 eller eit fråtrekk på faktura tilsvarande 12 timer SFO per veke. Dette gjeld for 1.- og 2. trinn, det er også planlagt at dette skal gjelde for 3. trinn fra 1.august 2024.*

I forskrifta til opplæringslova står det i § 2-2 **Gratis skolefritidsordning for elevar på 1. til 3. trinn** at *kommunen skal gi tolv timer gratis skolefritidsordning per veke for elevar på 1. til 3. trinn som har plass i ordninga. Det står også Kommunen skal gi foreldra tilbod om å fordele dei tolv timane på alle dagane kommunen til vanleg har eit tilbod om skolefritidsordning, så langt det er praktisk mogleg.*

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for korleis kommunane skal praktisera reglane. [Moderasjonsordninger i skolefritidsordningen \(SFO\) | udir.no](#). Der står det *Kommunen har stor frihet til å utforme ordningen i tråd med lokal praksis for SFO, men likevel slik at kommunen må tilby gratis SFO alle dager kommunen normalt har et SFO-tilbud, så langt det er praktisk mulig. Forbeholdet skal ikke tolkes strengt. Hva som er «praktisk mulig» vil kunne variere mellom kommunene, og det må gjøres en konkret vurdering av det enkelte SFO-tilbuddet, og om det er praktisk mulig å tilby gratis SFO hver dag gjennom det tilbuddet som finnes i kommunen.*

Hovudregelen er altså at kommunen skal tilby 12 timer gratis SFO. Timane skal kunne bli fordelt alle dagar dersom kommunen har eit tilbod alle skuledagane. Statsforvaltaren er kjent med at Vindafjord kommune tilbyr SFO alle dagar. Då er det urimeleg at føresette som har behov for SFO fleire dagar enn to, jf. pakke sju i dykkar forskrift, endar opp med å betale for SFO sjølv om dei reelt sett nytta SFO mindre enn 12 timer. Dette skjer fordi timeplanen på skulen avgjør talet på SFO timer. Om ein kombinerer to langdagar på skulen med ein kortare vil SFO tida reelt sett vere kortare enn 12. timer, men dei føresette må likevel betale. Statsforvaltaren meiner at Vindafjord kommune har ei praksis kor ordninga ikkje gir rom for ei individuell tolking av det faktiske timetalet.

Vindafjord kommune må sjå til at praksis med gratis kjernetid i SFO er i tråd med lova.



Med hilsen

Marianne Skogerbø (e.f.)
utdanningsdirektør

Randi Bjørkås
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent